Hjartdal kommune

Arkivsaksnr: 2022/152-13
Saksbehandlar::Marte Darrud-Storøy

Planprogram - kommunedelplan for naturmangfald - 1. gongshandsaming

Saksnr	Utvalg	Møtedato
44/2022	Utval for plan og utvikling	24.08.2022
42/2022	Formannskapet	05.09.2022

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Formannskapet vedtek kunngjering av oppstart for arbeid med kommunedelplan for naturmangfald.
2. Planprogram for kommunedelplan for naturmangfald sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningsloven §§ 11-13.

Vedtak i Utval for plan og utvikling – 24.08.2022:

Utvalet anbefaler einstemmig at Formannskapet legger planprogrammet ut på høyring i henhold til kommunedirektørens innstilling.

Handsaming i Utval for plan og utvikling – 24.08.2022:

Saka er til uttale hos utvalet. Utvalet vurderte sakas dokumenter.

Vedtak i Formannskapet – 05.09.2022:

Utvalet anbefaler einstemmig at Formannskapet legger planprogrammet ut på høyring i henhold til kommunedirektørens innstilling.

Handsaming i Formannskapet – 05.09.2022:

Ordfører orientera.

Votering:

Einstemmig vedtatt

Saksopplysningar:

Den 15.12.2021 vedtok eit einstemmig kommunestyre at det skulle søkast midlar i 2022 til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

I 2022 er Hjartdal kommune ein av fleire kommunar som fekk tildelt tilskot frå Miljødirektoratet (MD) på 150 000 kroner til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Målet med ordninga er å styrke naturforvaltninga i kommunane og bidra til større medvit rundt eigne naturverdiar. Det medfølgjer eit rapporteringskrav og ein tidsfrist. I tilsagnsbrevet frå MD stillast det følgjande krav til rapportering; frist for varsel om planoppstart 31.10.2022 og frist for sluttrapport 31.12.2023. Tilskotet utbetalast i november etter politisk vedtak om oppstart av planarbeid eller vedtak av planprogram og med framdriftsplan for den vidare planprosessen, seinast 31.10.2022.

Samstundes følgjer det med dialog med, og inspirasjon frå Miljødirektoratet og kommunar som allereie har vore gjennom prosessen og kommunar som er i same fase som oss og har fått tildelt midlar i år.

I plan- og bygningsloven kapittel om utgreiingskrav, § 4-1 Planprogram står det følgjande: *«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger».*

Planprogrammet skildrar følgjande:

- Føremålet med planarbeidet
- Forutsetningar og målsetningar for planarbeidet
- Sentrale tema
- Planprosess, framdrift og medverknad

Forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i seks veker, samstundes som det vert varsla planoppstart.

Vurdering:

Ein kommunedelplan for naturmangfald vil vere eit verktøy for å setje fokus på naturmangfaldet i Hjartdal kommune. Ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i verden er nedbygging av areal og det er difor heilt avgjerande at kommunane har ei oversikt over naturtypar, artar og deira leveområde lokalt for å sikre at nye utbyggingar ikkje øydelegg viktige naturverdiar.

Hovudføremålet til Hjartdal kommune med ein kommunedelplan for naturmangfald er å ivareta viktige og verdifulle naturområde, naturtypar og artar i kommunen gjennom auka kunnskap og ei heilskapleg framstilling av desse. Dette vil gje eit betre grunnlag for avgjersler når ulike interesser vegast mot kvarandre, forenkle sakshandsaminga og skape meir føreseielegheit.

Det er eit delmål å utløyse engasjement og oppfordre til medverknad og eigarskap til planen, og at me i løpet av prosjektet får auka kompetanse både internt og eksternt om naturmangfaldet i kommunen. Forhåpentlegvis vil arbeidet setje endå meir fokus på naturen i Hjartdal kommune og gje næringslivet, offentleg forvaltning, grunneigarar og andre ein styrka offensiv til å ta vare på naturverdiane som finst her.

Kort sagt skal kommunedelplan for naturmangfald svare på følgjande:

- Kva har vi kartlagt av naturmangfald i kommunen?

- Kva trong for kartlegging har kommunen?
- Kva for område og artar er særskilt viktig å ta vare på?
- Korleis skal vi sikre ivaretaking av naturmangfaldet framover?

Planen utarbeidast som ein kommunedelplan og skal følgje krava i plan- og bygningsloven og det vert lagt opp til følgjande framdrift:

Trinn for handsaming	**Når**
Oppstart av planarbeid er varsla og forslag til planprogram er sendt på høyring	September 2022
Planprogram er fastsett	Desember 2022
Medverknad	Vår 2023
Kartleggingsfase	Feltsesong 2023
Planforslag til 1. gongshandsaming	September 2023
Planforslag til offentleg ettersyn	6 veker haust 2023
Handsaming av innkomne merknadar/innspel	November 2023
Handsaming og kunngjering av vedtak	Desember 2023

I planprogrammet er det føreslått at Utval for plan og utvikling er styringsgruppe for arbeidet med kommunedelplanen, medan ei intern arbeidsgruppe med representantar frå plan og landbruk er ansvarlege for å utarbeide og sikre framdrift av planen.

For å nå Miljødirektoratet sine krav om ferdigstilling av planen innan utgangen 2023 kan det bli naudsynt med prioritering av resursar til dette planarbeidet.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at planprogram for kommunedelplan for naturmangfald vert sendt på høyring og offentleg ettersyn slik det ligg føre.

Vedlegg:
1 Planprogram - kommunedelplan for naturmangfald